

Innkome til region:

SØKNAD OM VEDERLAG FOR TAPT FANGSTTID VED LOKALISERING,

OPPTAK OG ILANDFØRING AV SKRAP SOM IKKJE STAMMAR FRÅ PETROLEUMSVERKSEMDA.

1. Namn på fartyet:..... Reg.nr:.....

2. Namn og adresse til eigar

3. Namn og adresse til skipper:

4. Skaden/gjenstanden vart oppdaga den Kl.

5. Namn på feltet: Djupn i meter:

Trålen sett, pos.: Brd. Lgd.

Trålen hivd, pos.: Brd. Lgd.

NB! Ved fastkøyring **må** posisjonen takast i grader, minutt og sekund.

6. Korleis skjedde skaden? Kvifor vart det fangsttap? Kva vart skada og kor mykje?

Grei ut:

.....
.....
.....
.....
.....
.....

Legg ved kopi av dekksdagbok og fangstdagbok for skadetur.

7. Grei ut om gjenstanden; storleik, truleg vekt, materiale og eventuelt kva dette

kan vere. Er gjenstanden teken vare på, gje opp kvar den er.

.....
.....
.....
.....
.....

Legg ved foto av gjenstanden.

Legg ved attestasjon frå politi/hamnestyresmakt eller anna offentleg styresmakt.

8. Kjenner De til om det tidlegare har vore lokalisiert eller teke opp gjenstandar i dette området?

.....

9. Kjenner De til om det har vore registrert botnhefte i den retninga trålhalet gjekk, og i tilfelle kva avstand det var til slikt hefte?

10. Når tok fisket til att?

11. Fangsttap i skadehalet:

Gjennomsnittsfangst pr. tråltrekk: tonn kg

Fråtrekk for fangst i skadehalet: tonn kg

Fangsttap totalt: tonn kg

Pris per kg :

Verdi av tapt fangst i skadehalet er i alt kr:

Fangsten var i hovudsak :

12. Reiskapstype: NB! Skade på reiskap vert ikkje dekka.

13. Ved krav om tapt fangsttid utover skadehalet, gjer greie for avbrotet og kor lenge

det varte:

14. Truleg fangsttap grunna avbrotet:tonn, à kr kg, à kr

I alt kr: Legg ved kopi av dekks- og fangstdagbok for tur før og etter skadetur.

Ovannemnde opplysingar om kvar hendinga skjedde og om oppteken/merkt gjenstand

er gjevne etter beste skjøn og overtyding

Stad den

Skipper/eigar

Ovannemnde opplysninger vert stadfest av ein eller to av mannskapet.

Namn:

Adresse:

Merknader frå regionkontoret til Fiskeridirektoratet:

1. Naudsynte stadfestingar frå politi, hamnestyresmakt eller tilsvarande offentleg styresmakt er vedlagt:
2. Naudsynte dokument frå dekks- og fangstdagbok er vedlagt.:
3. Avrekning for levert fangst er kontrollert og vedlagt:
4. Eventuelle opplysingar om ilandført(e) gjenstand(ar):
5. Eventuelle tilleggsopplysingar:

Stad: Dato:

.....
Sakshandsamar

Vedlegg til søknadsskjema (J-97-2006)

**FORSKRIFT OM KOMPENSASJON TIL FISKERE FOR TAPT FANGSTTID VED LOKALISERING,
OPPTAK OG ILANDFØRING AV SKRAP SOM IKKE STAMMER FRA PETROLEUMSVIRKSOMHET-
FASTSATT VED KRONPRINSREGENTENS RESOLUSJON AV 27 JULI 1990.**

ORIENTERING TIL SØKJARAR

Etter ovannemnde forskrift har fiskarane rett til å søkje vederlag for tapt fangsttid, medrekna tid som går med til arbeid i samband med lokalisering (merking), opptak og ilandføring av skrap frå havbotnen, som fiskarane har fått i fangstreiskapen og gjenstandar som driv i sjøen (som ikkje stammar frå oljeverksemda).

Skrapet må likevel vere av slik art og storleik at det kan vere til fare for tryggleiken på sjøen, til hinder for fisket eller anna ferdsl, eller kan føre til vesentleg skade på fiskereiskap om det vert sleppt ut att.

Eit vilkår for vederlag etter denne forskrifta er at gjenstanden/ane er forsvarleg merkt(e) eller vert ilandført og framvist til politi, hamnestyresmakt eller anna tilsvarande offentleg styresmakt.

Ved absolutte hindringar kan det gjerast unntak frå dette vilkåret. Eit ufråvikeleg krav er likevel at posisjonar må meldast til politi, hamnestyresmakt, eller anna tilsvarande offentleg styresmakt. Der andre party hjelper eit fiskefarty med å føre i land gjenstandar, kan også desse krevje vederlag om dei har hatt tilsvarande tap.

Ordninga gjeld for Noregs økonomiske sone og for fiskerivernsona ved Svalbard og fiskerisona ved Jan Mayen.

Ordninga dekkjer ikkje eventuell reiskapsskade.

Søknadsfristen er sett til to månader.

Søknaden vert handsama av ei nemnd der ein representant frå fiskeriorganisasjonane, ein frå Fiskeridirektoratet og ein som fyller krava for vere domar, som og er leiar, er med.

Alle vedtak kan klagast på innan to månader etter at avgjerd er gjort kjend.

Søknad vert å sende til Fiskeridirektoratet; Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen.

Merk søknaden med namnet på det regionkontoret De høyrer til.